

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 18.04.2006
Sakshandsamar: Anne May S. Sønstabø
Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORTERING PR. 28 FEBRUAR 2006

Styresak 035/06 B

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Styresaken er skriven med utgangspunkt i tilbakerapporteringa Helse Vest har fått frå føretaka pr. 28. februar -06.

Ved måling av balansekravet blir følgjande resultatdefinisjon lagt til grunn:

- Rekneskapsmessig resultat
- + Meiravskrivingar knytt til strukturfond og kortare avskrivningstid
- + Auka pensjonskostnad som følgje av endra parametersett
- = Resultatgrunnlag for måling av balansekravet frå HOD
- + Meiravskrivingar på investeringar i perioden 2002 – 2005
- = **Resultatgrunnlag for oppfølging av helseføretaka sitt balansekrav**

For forklaringar på dei ulike elementa i resultatdefinisjonen viser vi til eige notat som vart framlagt på forrige styremøte (sak 23/06 – vedlegg 12).

Kommentarar

1. Resultat for konsernet

1.1 Resultat hittil i år

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT FEBRUAR							
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Pensjon D	Korrigert resultat E=A+C+D	Resultat i fjor F	Avvik mot i fjor E-F
Helse Stavanger HF	-33,3	-24,6	-8,7	13,5	8,6	-11,2	-20,9	9,7
Helse Fonna HF	-19,2	-17,8	-1,5	12,3	4,6	-2,3	-9,7	7,4
Helse Bergen HF	-103,8	-87,3	-16,5	35,2	7,1	-61,5	-29,8	-31,7
Helse Førde HF	-25,8	-19,1	-6,7	11,3	3,7	-10,7	-9,4	-1,3
Apoteka Vest HF	1,6	-2,6	4,2			1,6	-2,0	3,6
Helse Vest IKT	0,6	-0,9	1,5			0,6	0,0	0,6
Kjøp av helsetenester	30,6	30,6	-			30,6	10,8	19,8
Helse Vest RHF	-5,1	-12,8	7,7			-5,1	-11,3	6,2
Sum føretaksgruppa	-154,3	-134,4	-19,9	72,3	23,9	-58,0	-72,3	14,3

Resultatet pr. februar viser negative avvik på alle dei 4 store helseføretaka. Helse Vest IKT, Apoteka Vest og Helse Vest RHF har positive avvik samanlikna mot budsjett. Helse Stavanger har eit avvik på – kr 8,7 mill målt mot budsjett, Helse Fonna har eit avvik på – kr 1,5 mill, Helse Bergen har eit avvik på – kr 16,5 mill medan avviket i Helse Førde er på – kr 6,7 mill.

Sjølv om rapporteringa berre baserer seg på to månaders drift, er det grunn til å vera på vakt når alle dei 4 største selskapa i konsernet viser negative avvik. Balansekravet for 2006 er absolutt, og dersom korrektive tiltak skal settast i verk må dei settast i verk tidleg for å få ønska effekt. Administrasjonen vil likevel peike på at det så tidleg i året vil vera usikkerheit knytt både til periodiseringa av budsjettala og til rekneskapsmessige avsetningar noko som kan slå ut begge veier på resultatet. Marstala blir rapportert 18. april og vil bli presentert munnleg i styremøtet. Desse tala vil vera sikrare både med tanke på periodisering og avsetningar.

Budsjetta for 2006 er krevjande for alle verksemdene. Administrasjonen har vurdert at den største risikoen ligg i Helse Bergen sitt budsjettopplegg og har ein ekstra tett oppfølging her. Helse Bergen arbeider no med å konkretisere tiltak som gjer at resultatkravet kan nåast og som gjer at risikoen i budsjettopplegget blir redusert. Dette vil bli lagt fram for styret i Helse Bergen 20. april. Tilsvarande arbeider også Helse Førde med nærare konkretisering av tiltak for å klare resultatkravet som er sett.

1.2 Prognose

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-146	-146	-63	0	-83
Helse Fonna HF	-101	-101	-84	0	-17
Helse Bergen HF	-356	-356	-397	0	41
Helse Førde HF	-110	-120	-105	10	-5
Apoteka Vest HF	0	0	0	0	0
Helse Vest IKT	0	0	-10	0	10
Kjøp av helsetenester	184	184	200	0	-16
Helse Vest RHF	-74	-74	-49	0	-25
Sum føretaksgruppa	-604	-614	-508	10	-96
Meiravskrivingar	351	351	354		-3
Pensjon	186	186			
Resultatmåling eigar	-67	-77	-154		
Meiravskrivingar invest. 02-05	91	91	91		
Resultat justert for meiravskr.	24	14	-63	10	87

Ingen av helseføretaka melder no om negative avvik i prognosen. Sjølv om tala pr. februar viser avvik meiner likevel helseføretaka at det ikkje er grunnlag for å framskrive tala og melde om negative avvik på slutten av året.

Helse Førde har lagt inn ein prognose som er kr 10 mill betre enn budsjett. Dette heng saman med at avskrivingane vil bli kr 10 mill lågare enn budsjettet. Helse Førde vil ta ein grundig gjennomgang av prognosen i samband med tertialrapporteringa.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

Tilbakerapporteringa frå helseføretaka ber preg av at ein har hatt full fokus på ferdigstilling av rekneskapen for 2005 og ferdigstilling av budsjetta for 2006. Kommentrane er difor i stor grad fokuserte på avvik og i mindre grad mot årsakene til avvika og tiltak for å avgrense dei.

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	34 287	6,6 %	41 967	7,8 %	41 778	8,9 %	241 781	241 781	0
ISF	116 548	22,3 %	122 008	22,8 %	159 010	33,9 %	700 180	700 180	0
Rammetilskot	345 620	66,2 %	348 386	65,1 %	257 015	54,9 %	2 108 647	2 108 647	0
Andre inntekter	25 930	5,0 %	23 020	4,3 %	10 614	2,3 %	134 642	134 642	0
Sum driftsinntekter	522 385	100,0 %	535 380	100,0 %	468 417	100,0 %	3 185 249	3 185 249	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	81 140	15,5 %	74 082	13,8 %	55 585	11,9 %	465 111	465 111	0
Løns- og personalkostnader	377 698	72,3 %	382 204	71,4 %	353 517	75,5 %	2 251 092	2 251 092	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskriving	73 687	14,1 %	80 325	15,0 %	80 191	17,1 %	475 300	475 300	0
Sum driftsutgifter	532 525	101,9 %	536 612	100,2 %	489 293	104,5 %	3 191 502	3 191 502	0
Driftsresultat ekskl. meiravskriving	-10 140	-1,9 %	-1 232	-0,2 %	-20 876	0	-6 253	-6 253	0
Netto finans	-1 043		-1 250		-17		-7 500	-7 500	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-11 183		-2 482		-20 893	0	-13 753	-13 753	0
- Meiravskriving	13 500		13 500		12 282		81 000	81 000	0
- Pensjon	8 582		8 582				51 500	51 500	0
Resultat	-33 265	0	-24 564	0	-33 175	0	-146 253	-146 253	0

Helse Stavanger har eit samla negativt avvik på kr 8,7 mill pr. utgangen av februar. Avviket er samansett av både lågare inntekter enn budsjettert og lågare kostnader. Inntektene er kr 13 mill lågare enn budsjettert. Ei av årsakene er at ISF-inntektene er kr 5,5 mill lågare enn budsjettert der kr 2,6 mill av avviket heng saman med gjestepasientoppgjøret¹. Rammetilskotet er kr 2,8 mill lågare enn budsjettert. Dette skuldast at Helse Stavanger i budsjettet har tatt høgde for inntekter som førebels ikkje er fordelt frå Helse Vest. Mellom anna gjeld dette LAR, TNF-hemmarar m.m.

Dei samla kostnadene er kr 4 mill lågare enn budsjettert. Avviket på dei tre kontogruppene er derimot samansett av både positive og negative avvik. Lønskostnadene er kr 4,5 mill lågare enn budsjettert. På andre driftskostnader er det også eit positivt avvik på kr 6,6 mill. Innanfor varekostnader er det imidlertid eit negativt avvik på kr 7 mill. Klinikkk for spesialmedisin er den klinikken som har det største kronemessige avviket her, og der er det nå tatt initiativ til å kartlegge avvik mot aktivitet for å iverksette oppfølging og korrigierende tiltak. I tillegg er det avvik på klinikkk for blod- og kreftsykdommer der medikamentkostnadene ligg 26 % over budsjett.

Andre driftskostnader viser eit positivt budsjettavvik på 6,5 mill kr pr februar. Det er FFU (Fag og foretaksutvikling) og intern service som har dei største positive avvika, med hhv 2,3 og 1,2 mill. kr. Det meste av desse avvika skuldast periodisering av rekneskapen som vil bli korrigert i mars.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år				Heile året			
	Rekneskap -06	Plan -06	Avvik	2005	Prognose	Plan	Avvik	2005
Somatikk								
Sjuehusopphald	7 350	7 617	-267	6 773	43 315	43 748	-433	41781
Dagkirurgi/dagbeh.	5 245	5 298	-53	4 666	28 906	30 251	-1 345	28785
DRG-poeng	9 387	9 442	-54	8 739	55 368	55 368	0	54554
Pol. konsultasjonar	34 560	32 458	2 102	32 458	187 364	187 364	0	187364
Psykatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	13 094	17 765	-4 671	16 085	106 590	106 590	0	90935
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 070	3 400	-2 330	2 809	20 400	20 400	0	13050
Pol. konsultasjonar	11 699	9 924	1 775	10 821	59 545	59 545	0	71831

DRG-produksjonen i Helse Stavanger ligg 54 poeng under planlagt produksjon². I budsjettet har Helse Stavanger tatt høgde for at ein større andel av produksjonen ville finne stad i januar og februar enn det

¹ På grunn av ei feiltolking har Helse Stavanger bokført 2,6 mill kr for lite inntekter til gjestepasientoppgjøret pr februar. Dette vil bli tatt inn igjen i mars

som var tilfellet i fjor. Dette har ikkje fullt ut slått inn. Det er likevel grunn til å tru at produksjonsmålet vil bli nådd i løpet av året.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samendragsrapport pr.:

FEBRUAR 2006

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	17 635	5,9 %	19 041	6,4 %	18 742	7,0 %	111 726	111 726	0
ISF	61 695	20,7 %	65 742	22,0 %	84 353	31,7 %	376 245	376 245	0
Rammetilskot	204 009	68,4 %	199 421	66,6 %	154 434	58,0 %	1 183 596	1 183 596	0
Andre inntekter	15 092	5,1 %	15 195	5,1 %	8 827	3,3 %	89 093	89 093	0
Sum driftsinntekter	298 431	100,0 %	299 399	100,0 %	266 356	100,0 %	1 760 659	1 760 659	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	35 553	11,9 %	35 403	11,8 %	27 037	10,2 %	206 007	206 007	0
Løns- og personalkostnader	214 795	72,0 %	215 947	72,1 %	198 156	74,4 %	1 263 189	1 263 189	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	49 507	16,6 %	48 745	16,3 %	51 075	19,2 %	290 463	290 463	0
Sum driftsutgifter	299 855	100,5 %	300 095	100,2 %	276 268	103,7 %	1 759 660	1 759 660	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-1 424	-0,5 %	-696	-0,2 %	-9 912	-3,7 %	999	999	0
Netto finans	-915		-167		217		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-2 339		-863		-9 695	0	-1	-1	0
- Meiravskrivning	12 333		12 333		9 333		74 000	74 000	0
- Pensjon	4 555		4 555				27 332	27 332	0
Resultat	-19 227	0	-17 752	0	-19 028	0	-101 333	-101 333	0

Resultatet i Helse Fonna er pr. februar kr 1,5 mill dårlegare enn budsjettert. På inntektssida er det eit avvik på ca. kr 1 mill. Dei polikliniske inntektene er kr 1,5 mill lågare enn budsjettert. Dette avviket er venta å bli korrigert dei komande månadene og Helse Fonna meiner at dette ikkje er eit dramatisk avvik. ISF-inntektene er kr 4 mill lågare enn budsjettert. Kr 3,6 mill av dette er knytt til medisinsk klinikk og kr 0,9 mill til KK-barn.

Rammetilskotet er kr 4,5 mill høgare enn budsjettert. Dette skuldast kr 2,1 mill i utsett inntekt frå 2005 frå opptrappingsplanane innan psykiatri. Inntektene har ikkje ein tilsvarande budsjettpost i 2006. Det ligg òg eit positivt avvik på kr 2,1 mill som er ei månadleg ramme for Tuastad ungdomspsykiatriske eining. Dette er heller ikkje budsjettert av Helse Fonna.

Kostnadene er omtrent på same nivå som budsjettert. Dette gjeld alle dei tre hovudgruppene. I varekostnadene ligg det ein meirkostnad på gjestepasientar (kurdøgn). Helse Fonna har etter dette ein varekost som er litt lågare enn budsjettert, men ikkje tilstrekkeleg låg til å kunne kompensera for inntektssvikten. Lønskostnadene i Helse Fonna er kr 1,2 mill (0,5 %) lågare enn budsjettert.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil				Heile året			
	Rekneskap -06	Plan -06	Avvik	2005	Prognose	Plan	Avvik	2005
Somatikk								
Sjukhusopphald	4 277	4 579	-302	4 060	26 356	26 356	0	25 405
Dagkirurgi/dagbeh.	1 988	2 352	-364	2 327	13 800	13 800	0	12 656
DRG-poeng	4 692	5 040	-348	4 727	28 812	28 812	0	28 297
Pol. konsultasjonar	16 591	16 497	94	14 994	95 836	95 836	0	90 709
Psykiatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	10 687	11 482	-795	11 452	69 275	69 275	0	67 882
Opphaldsdagar, dagpasientar	1 156	1 139	17	1 111	6 605	6 605	0	6 695
Pol. konsultasjonar	6 917	6 968	-51	6 471	38 300	38 300	0	38 613

DRG-produksjonen er 348 poeng lågare enn budsjettert. Også talet på sjukehusopphald er lågare enn budsjettert.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

FEBRUAR 2006

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	64 050	7,3 %	61 773	7,1 %	71 446	9,0 %	357 811	357 811	0
ISF	177 929	20,2 %	178 862	20,4 %	241 749	30,3 %	1 058 035	1 058 035	0
Rammetilskot	583 651	66,3 %	586 394	67,0 %	455 007	57,0 %	3 518 365	3 518 365	0
Andre inntekter	54 588	6,2 %	48 773	5,6 %	29 809	3,7 %	317 383	317 383	0
Sum driftsinntekter	880 218	100,0 %	875 802	100,0 %	798 011	100 %	5 251 594	5 251 594	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	160 891	18,3 %	159 315	18,2 %	121 050	15,2 %	929 140	929 140	0
Løns- og personalkostnader	644 730	73,2 %	643 902	73,5 %	581 796	72,9 %	3 736 690	3 736 690	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	131 931	15,0 %	117 631	13,4 %	123 807	15,5 %	645 759	645 759	0
Sum driftsutgifter	937 551	106,5 %	920 848	105,1 %	826 652	103,6 %	5 311 589	5 311 589	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-57 333	-6,5 %	-45 046	-5,1 %	-28 641	-3,6 %	-59 994	-59 994	0
Netto finans	-4 217		-1		0		-4	-5	1
Ekstraordinære poster	0		0		-1 183		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-61 550		-45 047		-29 824	0	-59 998	-59 999	1
- Meiravskrivning	35 178		35 178		30 787		211 000	211 000	0
- Pensjon	7 083		7 083				85 000	85 000	
Resultat	-103 811	0	-87 308	0	-60 611	0	-355 998	-355 999	1

Helse Bergen har eit negativt resultatavvik på kr 16,5 mill pr. februar. Helse Bergen melder at dei framleis har behov for å gjennomgå og sjekka ein del periodiseringar og detaljeringar av budsjettet for 2006.

Inntektene er kr 4,4 mill høgare enn budsjettert. Det meste skuldast ikkje-budsjetterte tilskot til eining for internasjonalt samarbeid. Dette har ein motpost på kostnadssida og betrar ikkje resultatet.

På driftskostnadene er det eit negativt avvik på kr 16,7 mill. På kjøp av helsetenester (ligg under varekost) er det eit positivt avvik på kr 6,2 mill som må sjåast i samanheng med det negative avviket på andre driftskostnader. Det resterande avviket på andre driftskostnader (kr 8,2 mill) skuldast ikkje fordelt innsparingskrav som er budsjettert på denne posten.

Varekost medikament viser etter 2 månader eit negativt avvik på kr 7,6 mill. Kr 4,3 mill av dette skuldast auka aktivitet ved m.a. kreftavdelinga. Det resterande skuldast ulik periodisering av budsjett og rekneskap.

Helse Bergen rapporterer budsjettbalanse i prognosen. For å nå dette rapporterer dei at forholdsvis dramatiske tiltak må settast i verk utan at dette er nærare konkretisert i tilbakerapporteringa til Helse Vest. Det blir no arbeidd med å finna tiltak for å nå det budsjetterte resultatet. Dette vil bli nærare presentert i sak til styret i Helse Bergen 20. april.

2.4.2 Produksjon

	Rekneskap -06	Hittil Plan -06	Avvik	2005	Prognose	Heile året Plan	Avvik	2005
Somatikk								
Sjukehusopphald	18 193	18 014	179	17 639	106 314	106 314	0	104125
Dagkirurgi/dagbeh.	7 236	7 194	42	6 545	42 597	42 597	0	39818
DRG-poeng	14 739	14 234	505	13 693	84 254	84 254	0	83618
Pol. konsultasjonar	53 773	49 593	4 180	49 593	322 638	289 637	33 001	289696
Psykiatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	22 372	20 364	2 008	21 856	124 722	124 722	0	131551
Opphaldsdagar, dagpasientar	2 045	2 077	-32	2 100	10 315	10 315	0	12699
Pol. konsultasjonar	13 035	13 899	-864	11 799	75 440	75 440	0	71942

ISF-produksjonen i Helse Bergen ligg 3,5 % over budsjettert nivå medan dei polikliniske konsultasjonane ligg heile 8,4 % over budsjettert nivå.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

FEBRUAR 2006

REGNSKAPSDATA

	Rekneskap	Hittil i år %-fordeling	Budsjett	2005 %-fordeling	Prognose	Heile året Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	13 458	5,5 %	13 507	5,5 %	14 980	6,7 %	80 951
ISF	47 767	19,6 %	48 194	19,8 %	66 336	29,7 %	288 805
Rammetilskot	171 574	70,4 %	171 509	70,4 %	114 264	51,2 %	1 029 714
Andre inntekter	10 888	4,5 %	10 351	4,2 %	27 687	12,4 %	61 815
Sum driftsinntekter	243 686	100,0 %	243 561	100,0 %	223 267	100,0 %	1 461 285
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose
Varekostnader	30 126	12,4 %	29 648	12,2 %	27 494	12,3 %	186 452
Løns- og personalkostnader	180 770	74,2 %	173 804	71,4 %	154 900	69,4 %	1 033 927
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	43 337	17,8 %	43 806	18,0 %	49 903	22,4 %	259 006
Sum driftsutgifter	254 233	104,3 %	247 258	101,5 %	232 297	104,0 %	1 479 386
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-10 547	-4,3 %	-3 697	-1,5 %	-9 030	-4,0 %	-18 101
Netto finans	-159		-300		-377		-1 900
Ekstraordinære poster	0		0		0		0
Resultat ekskl. meiravskr. og pensjon	-10 706		-3 997		-9 407	0	-20 001
- Meiravskrivning	11 333		11 333		8 000		68 000
- Pensjon	3 720		3 720				22 324
Resultat	-25 759	0	-19 050	0	-17 407	0	-110 325

Resultatet i Helse Førde er kr 6,7 mill dårlegare enn budsjettert. Årsaka til dette ligg på kostnadssida.

Samla inntekter i Helse Førde ligg på budsjettert nivå. Det ein tapar på færre DRG-poeng enn budsjettert blir vege opp av større inntekter enn budsjettert på gjestepasientar. Innan poliklinikk er inntektene om lag på nivå med budsjettet.

Samla kostnader er kr 6,9 mill høgare enn budsjettert. På kostnadssida er det eit avvik på løns- og personalkostnader på kr 7 mill (4 %). Dette avviket er til oppfølging i klinikane og kva som er årsaka til avviket er difor enno ikkje kjent.

2.5.2 Produksjon

	Rekneskap -06	Hittil Plan -06	Avvik	2005	Prognose	Heile året Plan	Avvik	2005
Somatikk								
Sjukehusopphald	3 375	3 320	55	3 320	20 000	20 000	0	19852
Dagkirurgi/dagbeh.	1 426	1 304	122	1 304	7 551	7 551	0	7868
DRG-poeng	3 776	3 810	-34	3 547	22 838	22 838	0	21871
Pol. konsultasjonar	16 143	17 339	-1 196	17 339	97 121	97 121	0	96775
Psykiatri								
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	5 493	5 197	296	7 400	32 925	31 125	1 800	33661
Opphaldsdagar, dagpasientar	286	230	56	318	1 385	1 385	0	886
Pol. konsultasjonar	3 461	5 297	-1 836	4 831	29 552	29 552	0	29427

Samla rapporterer Helse Førde ein DRG-produksjon som ligg 34 poeng under budsjettert nivå. Det er 122 fleire dagkirurgiske behandlingar enn budsjettert. Dette er ein auke på 9,3 % samanlikna med budsjettet og fjoråret. Talet på polikliniske undersøkingar er 1196 under budsjettert nivå.

Innan vaksenpsykiatri døgn- og dagbehandling er aktiviteten både høgare enn budsjettet og fjoråret. På polikliniske konsultasjonar ligg ein derimot under budsjettert nivå (34,6 %).

2.6 Helse Vest IKT AS

Samandragrapport pr.: FEBRUAR 2006

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	53 400	100 %	52 303	100 %	313 817	313 817	0
Varekostnader	4 985	9,3 %	6 667	12,7 %	40 000	40 000	0
Løns- og personalkostnader	10 359	19,4 %	12 269	23,5 %	67 801	67 801	0
Andre driftskostnader	37 359	70,0 %	34 126	65,2 %	204 759	204 759	0
Sum driftsutgifter	52 703	98,7 %	53 062	101,5 %	312 560	312 560	0
Driftsresultat	697		-759		1 257	1 257	0
Netto finans	-87		-167		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar							0
Resultat	610		-926		257	257	0

Samanlikna med budsjett har Helse Vest IKT pr. februar eit positivt resultatavvik på kr 1,5 mill. Inntektene er kr 1,1 mill høgare enn budsjettert. Inntektene i Helse Vest IKT er inndelt i tre grupper; Inntekter frå helseføretaka, inntekter frå sal av utstyr og andre inntekter. Det er andre inntekter som er høgare enn budsjettert (kr 3,6 mill). Dette skuldast inntektsføring av inntekter frå Norsk Helsenett og Nasjonal IKT som har ein tilsvarende kostnad. På sal av utstyr ligg ein noko etter budsjett, noko som kan skuldast periodiseringa som er jamt fordelt på 12 månader.

Kostnadene er om lag på same nivå som budsjettert. Det er positive avvik knytt til varekost og løn på hhv. kr 1,7 mill og kr 1,9 mill. Under andre driftskostnader er avviket relatert til utbetalinga til Norsk Helsenett og Nasjonal IKT.

Så langt synes heile avviket til Helse Vest IKT å vera relatert til periodiseringa av budsjettet og prognosen er difor lagt på nivå med budsjettet.

2.6 Apoteka Vest HF

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2005		Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Sum driftsinntekter	85 947	100 %	79 547	100 %	71 807		476 000	476 000	0
Varekostnader	68 114	79,3 %	62 946	79,1 %	58 213	81,1 %	381 000	381 000	0
Løns- og personalkostnader	12 666	14,7 %	14 827	18,6 %	12 547	17,5 %	73 000	73 000	0
Andre driftskostnader	3 652	4,2 %	4 425	5,6 %	3 165	4,4 %	22 350	22 350	0
Sum driftsutgifter	84 432	98,2 %	82 198	103,3 %	73 925	102,9 %	476 350	476 350	0
Driftsresultat	1 515		-2 651		-2 118		-350	-350	0
Netto finans	100		33		124		350	350	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	1 615		-2 618		-1 994		0	0	0

Pr. februar har Apoteka Vest eit positivt avvik målt mot budsjett på kr 4,2 mill. Driftsinntektene til Apoteka Vest heng tett saman med aktivitetsnivået i helseføretaka. Pr. februar er inntektene kr 6,4 mill høgare enn budsjettert.

Kostnadene er kr 2,2 mill høgare enn budsjettert. Varekostnadene heng direkte saman med nivået på driftsinntektene og er kr 5,2 mill høgare enn budsjettert. Løns- og personalkostnader er kr 2,1 mill lågare enn budsjettert. Dette har m.a. samanheng med at estimert lønsoppgjer for 2006 er periodisert med verknad frå 1.1.06.

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragsrapport pr.: FEBRUAR 2006
REKNEKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	451 160	21,8 %	451 160	21,8 %	2 706 957	2 706 957	0
Rammetilskot	1 614 708	78,2 %	1 614 708	78,2 %	9 688 248	9 688 248	0
Andre inntekter	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
Sum driftsinntekter	2 065 868	100,0 %	2 065 868	100,0 %	12 395 205	12 395 205	0
Varekostnader	2 035 250	98,5 %	2 035 250	98,5 %	12 211 500	12 211 500	0
Løns- og personalkostnader	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
Andre driftskostnader	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
Sum driftsutgifter	2 035 250	98,5 %	2 035 250	98,5 %	12 211 500	12 211 500	0
Driftsresultat	30 618		30 618		183 705	183 705	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	30 618		30 618		183 705	183 705	0

Rekneskapstala pr. februar for kjøp av helsetenester er pr. februar estimerte. Omlegginga av gjestepasientoppgjeret krev nye avstemmingsrutinar mellom HF'a og RHF'et. Fram til februar har ein hatt full fokus på avslutninga av rekneskapen for 2005. Reelle tal vil vera klare frå og med mars rapporteringa.

2.8 Helse Vest RHF administrasjon

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	50	0	50	0	0	0
Løns- og personalkostnader	4 540	5 785	-1 245	32 047	32 047	0
Andre driftskostnader	2 436	7 194	-4 758	42 874	42 874	0
Sum driftsutgifter	7 026	12 979	-5 953	74 921	74 921	0
Driftsresultat	-7 026	-12 979	5 953	-74 921	-74 921	0
Netto finans	1 925	200	1 725	1 215	1 215	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-5 101	-12 779	7 678	-73 706	-73 706	0


På Helse Vest administrasjon er det eit positivt avvik pr. februar på kr 7,7 mill. Fleire stillingar står vakante, medan det er budsjettert med løn for heile året. Dette forklarar det positive avviket på løns- og personalkostnader. På netto finansposter er det eit positivt avvik på kr 1,7 mill.

Andre driftskostnader viser eit mindreforbruk pr. februar på kr 4,6 mill. Det er ikkje gjort nokon systematisk gjennomgang av avsetningar for kjøp av eksterne tenester. Rekneskapen er difor på denne posten noko underestimert.

3 LIKVIDITET


Likviditeten vil gradvis forverre seg gjennom 2006 på grunn av KLP reguleringspremie samt etterslep på investeringar. Helse Vest har ei samla trekkramme på konsernkonto på kr 1,3 mrd. Med basis i dei prognosane som helseføretaka rapporterer pr. februar er det ingen vesentlege avvik i høve til budsjett og tilgjengeleg likviditet vil såleis være tilstrekkeleg.

Dersom likviditeten forverrar seg vil Helse Vest ta opp problemstillinga med Helse- og Omsorgsdepartementet slik at ein får høve til å utvide driftskredittramma.



4 PERSONALSTATISTIKK


4.1 Sjukefråvær



Grafen over viser utviklinga i samla sjukefråvær i konsernet frå juni -03 og fram til februar -06. Kvaliteten på tala er betra gjennom det siste året, og i ein analyse av tala må ein difor ha i mente at tala lenger tilbake i tid (-03 og -04) er mindre konsistente. Sjukefråværet er kommentert meir grundig i eigen styresak (sak 41/06).


4.2 Månadsverk

4.2.1 Månadsverk Helse Stavanger




Talet på månadsverk i Helse Stavanger er redusert med 155 månadsverk frå januar 2005 til januar 2006. Helse Stavanger ligg på om lag same nivå som ved utgangen av 2005.

4.2.2 Månadsverk Helse Fonna HF




I Helse Fonna ligg talet på månadsverk 50 over nivået i 2005. Samanlikna med desember er talet på månadsverk auka med 15.

4.2.3 Månadsverk Helse Bergen HF



Talet på månadsverk i Helse Bergen ligg i januar 288 månadsverk over nivået i januar 2005. Dette kan forklarast med at Helse Bergen hadde ei reell oppbemanning på slutten av 2005. Føretaket arbeider med tiltak for å redusere forbruket av månadsverk med tanke på å få eit gjennomsnittstal som ligg på linje med gjennomsnittstalet for 2005.

4.2.4 Helse Førde HF



Talet på månadsverk i Helse Førde ligg pr. februar 134 månadsverk over nivået i februar året før. Dersom ein korrigerer for at Helse Førde frå og med april -05 overtok ansvaret for ambulansespersonellet og dermed fekk ein auke i talet på månadsverk med 125. Korrigert for dette ligg talet på månadsverk om lag på same nivå som same periode i 2005.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 28. februar 2006 til orientering